

REFERAT FRÅ MØTE:

**ANDRE SAMLING I NASJONALT MUSEUMSNETTVERK
FOR
KULTURLANDSKAP**

3. november på Tøyen Hovedgård, Botanisk hage, Universitetet i Oslo



Deltakarane på den andre samlinga utanfor Tøyen hovedgård. Foto: Leif Hauge.

Tilstades:

Kåre Hosar, Maihaugen
Reidar Svegården, Maihaugen
Knut G. Austad, Jærmuseet
Trygve Brandal, Ryfylkemuseet
Frøydis Høyland Svisdahl, Vadsø museum – Ruija kvenmuseum
Vegard Lie – Norsk Landbruksmuseum
Kristina Bjureke - De Naturhistoriske Museer/Botanisk hage, UiO
Ragnhild Hoel, Riksantikvaren
Håkon Livland, Vestfold fylkesmuseum
Jan Tore Sørdsdal, Norsk Folkemuseum, Bygdøy Kongsgård
Jo Arnstedsrud, Norsk Folkemuseum, Bygdøy Kongsgård
Erik Sørum, Norsk Folkemuseum, Bygdøy Kongsgård
Bjørn Anders Fredriksen, Norsk Folkemuseum, Norges Landbrukshøyskole
Wenche Brun, Lofotr, The Vikingmuseum at Borg
Eli Bjørklid, Lyngheisenteret
Else Espeland, Bogstad Gård
Margunn Eik, Baroniet Rosendal
Leif Hauge, Høgskulen i Sogn og Fjordane
Elisabeth Dahle, De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum
Aage Engesæter, De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum
Liv Byrkjeland (ref), De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum

Oppstart

Kristina Bjureke ønska velkommen med litt informasjon om Tøyen Hovedgård. Aage Engesæter orienterte om programmet for dagen, og det var ein kort presentasjonsrunde av deltakarane på møte. Aage orienterte og kort frå møtet for nettverksansvarlege om korleis ein bør drive nettverk.

Handlingsplan for for nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap

Liv Byrkjeland gjekk gjennom arbeidsgruppa sitt utkastet til handlingsplan. Innspel og diskusjonar vart tekne underveis. Innspel frå deltakarane på møtet:

- Bakgrunnen for at De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum samarbeider med Høgskulen i Sogn og Fjordane om nettverksansvaret bør kome tydlegare fram i planen.
- Det bør skrivast eit kap. om kven som kan delta i nettverket.
- Definisjonen eliminerar til dømes fiskeplassar og landskap som har vore viktige for menneska, men som manglar synlege spor.
- Definisjonen bør vere vid, men nettverket bør presisere kva me ynskjer å prioritere.
- Bør nettverket ha ei målsetjing om å jobbe med næringsutvikling i samband med kulturlandskap ? I Hedemark fylke har musea fått ei formell rolle i samband med SMIL-midlane.

- I Vestfold og Finnmark fordelar fylket ut nye midlar til delstillingar etter ein samarbeidsmodell mellom musea.
- Me må tenke politisk strategisk på musea si rolle i framtida, t.d, dersom fylkeskommunen forsvinn.
- Det bør vere kvalitetssikring av arbeid som vert gjort med skjøtsel av kulturlandskap.
- Kulturlandskapsnettverket må og vere til for andre. Det er viktig at kunnskap som er i nettverket kan kome fram til dei som eig og driv kulturlandskap. Me burde inviterte andre aktuelle aktørar på seminar o.l.
- Skjøtsel må inn som eit av dei prioriterte arbeidsområda i det tredje delmålet.
- Fagforum bør vere ein av dei prioriterte arbeidsområda i kap. 5.
- Det finst og andre kulturlandskapsnettverk. Det bør vere kontakt mellom museumsnettverket og andre relevante nettverk. Det finst bl.a. to samlesider for kulturlandskap på Internett (kulturlandskap.net, Norsk kulturarv).
- Tiltak om temaekskursjonar kan slåast saman med tiltaket om årlege nettverkssamlingar, kurs og seminar.

Presentasjon av samarbeidsprosjekt

Etter lunsjpausen med god mat, og med ein tankevekkande og forfriskande ”stand-up performance” om historia til kulturlandskapet (ved Petter Böckman og Cecilie Webb), var det presentasjon av ulike prosjekt. Presentasjonane var ein blanding av prosjekt som inviterte til samarbeid i nettverket, samarbeidsprosjekt som var starta opp på grunn av nettverket og tidlegare prosjekt som nettverket kan ha nytte av å vere informert om. Vedlagt følgjer kopi av presentasjonane.

1. Kort orientering Den kulturelle skolesekken og fleire seminar som er på gang ulike stader i landet v/ Cecilie Webb.
2. Den europeiske landskapskonvensjonen - orientering v/Ragnhild Hoel, Riksantikvaren (vedlegg 1).
3. Vadsø museum- Ruija Kvenmuseum og Tromsø museum – presentasjon av samarbeidsprosjekt i kulturlandskapsnettverket ” *Kulturlandskapet etter tre stammers møte i Varanger. Et tverrfaglig dokumentasjons- og formidlingsprosjekt* ” (vedlegg 2).
4. Høgskulen i Sogn og Fjordane v/Leif Hauge presenterte to framlegg til større samarbeidsprosjekt for kulturlandskapsnettverket a) Nasjonal dokumentasjon av kulturlandskap, forprosjekt og b) Lauvbruk og museal drift. Kort drøfting om dette kan vere av interesse for kulturlandskapsnettverket.

5. Jærmuseet v/ Knut G. Austad. Informasjon om samarbeidsprosjektet "Prosjekt røssløyng" på Jærmuseet (vedlegg 3).
6. Vestfold fylkesmuseum v/ Håkon Livland inviterte til samarbeidsprosjekt der utvikling av museumsgarden Gomserød gård kan vere ein del av prosjektet (vedlegg 4).
7. Bogstad Gård v/Else Espeland. Presentasjon av Bogstad Gård og "Damprosjektet" og det uformelle herregårdsnettverket (<http://www.herregarder.no/>).
8. De Naturhistoriske Museer/Botanisk hage, UiO v/Kristina Bjureke presenterte ein ide om eit prosjekt om eit pedagogisk modell for formidling om kulturlandskap for skuleborn.

Planar framover

Den siste bolken om planar framover vart litt amputert på grunn av tidsmangel.

Nettverksmøter

Me vart einige om at nettverket må ha to møter neste år. Det første møtet vert lagt til Bergensområdet (Lyngheisenteret på Lygra og Rosendal visst det er praktisk mogeleg) i mai, og det andre i Vadsø i slutten av august. Me bør finne ei form for reisekompensasjon for å unngå store skilnader i reiseutgifter til samlingane. Nettverkssamlingane bør gå over to dagar, og legge vekt på det sosiale i tillegg til det faglege (ganske ulikt frå dette møtet).

Fagforum

Maihaugen får ansvar for eit fagforum for museumsbønder. Eit eventuelt fagforum for historiske hagar/herregårdshagar vart og diskutert utan å kome til nokon konklusjon. Dette vil nettverket kome tilbake til ved eit seinare høve.

Arbeidsgrupper

Deltakarane på møtet var samde i å oppretthalde arbeidsgruppa som vart valt til å jobbe med handlingsplanen. Desse er: Frøydis Høyland Svisdahl, Vegard Lie, Leif Hauge, Aage Engesæter og Liv Byrkjeland.

Handlingsplan

Nettverksansvarleg (DHS/SF-HSF) innarbeidar innspel i handlingsplanen og sender den ut til alle museum og institusjonar som ynskjer å delta i det nasjonale nettverket for kulturlandskap. Dei som ynskjer å delta i nettverket handsamar/godkjenner handlingsplanen på ein slik måte at den blir forankra i leiinga. Inn- og utmelding i kulturlandskapsnettverket skjer ved å melde frå skriftleg til De Heibergske Samlinger – Sogn Folkmuseum.

Søknadsrunde

Deltakarar i nettverket som skal søke prosjektmidlar frå ABM-utvikling søker individuelt, og kan bruke handlingsplanen som eit grunnlagsmateriale og ei forankring til nettverket.